



Kursdeltakarane fant laurdag mange spanande motiv på Bygdetunet Rød, der dette biletet vart teke. I midten lærarane Atle Helland og Ivar Langeland. Frå venstre står Per Inge Olsen, Seimsfoss, Per Steinar Rørvik, Husnes, Tone Læg Reid, Husnes, Nelly Kjærland, Uskedalen. Ingvar Pettersen, Herøysund, Albert Nybakk, Uskedalen, Laila Rogne, Herøysund, Janne Hjønnvåg, Uskedalen, Anita Johnsen, Husnes, Ronny Stensletten, Uskedalen, Frode Ludvigsen, Uskedalen og Tor Gundersen, Uskedalen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Den digitale feber på fotofronten held ikke berre fram, han forsterkar seg. No er eit nytt fullteikna fotokurs under avvikling i Uskedalen, med Uskedalen Utvikling som initiativtakar og tilskipar i sitt eige hus Gamleskulen. Det første kurset vart halde der for stutt tid sidan.**

Etter dei innleiande timane med hovudvekt på teori torsdag kveld bar det ut i praksis på Bygdetunet Rød og Bøkkerverkstaden laurdag. Måndag set dei inspirerande og kunnskapsrike lærarane Atle Helland og Ivar Langeland punktum med fullføring av bilete i foshop.



Lærer og elev på Bygdetunet Rød – Ivar Langeland og Anita Johsen. (Foto: Ola Matti Mathisen),

Blant dei 12 deltakarane er det fotointeresserte også frå Seimsfoss, Herøysund og Husnes. Eigentleg var målsettinga også denne gongen å sleppa dei laus i det spanande Fjellandsbømiljøet, men det sette vergudane ein ny effektiv stoppar for.

Men bygdetunet og "Bøkkeren" var ingen dårleg erstatning. At det er nok av motiv å finna også der viste deltakarane i det første fotokurset og dei som deltek i det andre er nok ikkje mindre kreative. Blant dei mange gode råd som lærarane kom med i stova på Rød var at ein skal spara på blitzen inne og heller nytta han meir ute. Det gjeld ikkje minst ved portrettfotografering. Og eit gjennomgåande råd også under dette kurset er at ein skal satsa på dei enkle, men slående og uttrykksfulle motiv. Det er ikkje minst Atle Helland ein dyktig forkjempar for.

Helland og Langeland har stor pågang av fotointeresserte for tida. Dei har nyleg hatt eit fullteikna kurs også på Halsnøy og i slutten av månaden blir det eitt til same staden. Og det stoppar nok ikkje med det.

Av Ola Matti Mathisen



Uskedelingen Albert Nybakk finn eit spanande motiv på Bygdetunet Rød. (Foto: Ola Matti Mathisen)